


Vedlegg 3

3.A

Protokoll frå Rådet for eldre og funksjonshemma, møte den 3.6.2024

3.B

**Protokoll frå Bygland Ungdomsråd,
møte den 3.6.2024**



Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Møteprotokoll

Utval: Rådet for eldre og funksjonshemma

Møtestad: Formannskapssalen

Dato: 03.06.2024

Tid: 12:00 - 13:45

Følgjande møtte:

Namn	Funksjon	Repr. Vara for
Per Odd Berge	Leder	
Knut William Bygland	Varamedlem	May Britt Stenjør
Vidar Toreid	Medlem	
Anne Marie I. Bygland	Nestleder	
Torhild Larsson	Medlem	

Andre møtande:

Namn	Stilling
Jorunn Sørli Tveiten	Arkivleiar
Leif Sigurd Helle	Tenesteleiar Pleie og omsorg
Liv Elin Frøysnes Berg	Ing. byggesak

Per Odd Berge
Leiar for utvalet

Jorunn Sørli Tveiten
Sekretær for utvalet

Saksnr	Innhald
PS 22/24	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 23/24	Orienteringssaker
OS 5/24	Økonomisk ramme for REF, ved Leif Sigurd Helle
PS 24/24	Referatsaker
RS 5/24	Høyring: Forslag til regional plan for fysisk aktive liv i Agder 2024 - 2034
RS 6/24	Møtereferat nr 2 med prosjektgruppa den 24.04.2024
PS 25/24	Førespurnader
PS 26/24	Kommunalt transporttilbod

PS 22/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådet for eldre og funksjonshemma si handsaming av sak 22/2024 i møte den 03.06.2024:

Handsaming:

Ingen merknader til innkalling og saksliste.

Uttale/vedtak:

PS 23/24 Orienteringssaker

Rådet for eldre og funksjonshemma si handsaming av sak 23/2024 i møte den 03.06.2024:

Handsaming:

Utvalsleiar orienterte om følgjande:

- E-læringskurs om likestilling og menneskerettar til personar med funksjonshemming
- Markering av den internasjonale eldredagen i Bygland d. 01.10.24.

Kommunalsjef Helse og omsorg, Leif Sigurd Helle orienterte om følgjande:

- Gjennomført tilsyn frå Statsforvaltaren på førebyggjande arbeid psykisk helsevern. Rapporten kjem seinare
- Sommaravviklinga i Helse og omsorg - vi har vore heldige i høve sjukepleiardekning
- Nytt varslingsanlegg på Byglandsheimen. Det ser positivt ut.
- Helse/flyktning: Der er utfordringar med å få flyktningane i arbeid.

OS 5/24: Økonomisk ramme for REF: Den økonomiske ramma er på 48 000, der 38 000 er til møtegodtgjering, og 10 000 er til disposisjon.

Uttale/vedtak:

PS 24/24 Referatsaker

Rådet for eldre og funksjonshemma si handsaming av sak 24/2024 i møte den 03.06.2024:

Handsaming:

Uttale/vedtak:

Referatsakene blei tekne til orientering.

Innspel til RS 5/24

Rådet for eldre og funksjonshemma bed om at ein ser på moglegheita for å opparbeide ein skøytebane på parkeringsplassen ved kyrkja.

Rådet for eldre og funksjonshemma bed om at ein ser på moglegheita for å opparbeide ein fiskeplass i bekkeosen frå brua ved Shell og ned til Tangen.

Rådet for eldre og funksjonshemma bed om at det blir laga ei rampe slik at funksjonshemma kan kome seg ut i elva for å bade.

PS 25/24 Førespurnader

Rådet for eldre og funksjonshemma si handsaming av sak 25/2024 i møte den 03.06.2024:

Handsaming:

Per Odd Berge: Ein har fått tilbakemelding om at stolane på venterommet til legekantoret kan vere vanskelege å kome seg ut av. Er det tankar om å få stolar som er tilpassa menneske som har vondt for å reise seg opp?

Leif Sigurd Helle tar det vidare.

Per Odd Berge: Det må bli informert om at legekantoret skal bli stengt i ein periode i sommar.

Etablering av bubilparkering på Presteneset: Liv Elin Frøysnes Berg orienterte om saka.

Rådet for eldre og funksjonshemma fekk ikkje denne saka til uttale. REF ønskjer å klage på det.

Framlegg til vedtak frå Vidar Toreid:

Rådet for eldre og funksjonshemma i Bygland ser det som sterkt klanderverdig at rådet ikkje fekk planane om bubilparkering på Prestneset til uttale før det vart gjort avtale med utbyggjar (og heller ikkje seinare).

Dette har i mange år vore eit populært friluftsområde også for eldre og personar med funksjonshemming. Desse som no får innskrenka høve til parkering og opphald ute på neset.

Det var positivt at kommunestyret vedtok å flytte sju bubilplassar frå gapahukområdet til bakanfor friluftsområdet.

Når kommunestyret 19. juni pliktar å handsame saka på nytt, kan ein der enkelt vedta å flytte også dei resterande ni plassane på neset inn til det same området. Då vil ein ha tiferdsstilt både friluft- og næringsinteressene fullt ut. Bygland kan då få eit godt omdøme som ein både miljøvenleg og næringsvenleg kommune.

Det er flott at leiande politikarar no vedgår at "prosessen kunne vore betre" og at "i eit slikt område burde ein gjennomført dialogmøte frå starten".

Kommunestyret står no fritt til å forbetre det tidlegare vedtaket før

Statsforvaltaren skal vurdere alle sider ved saka.

Rådet for eldre og funksjonshemma tar det alternative framlegget frå Vidar Toreid til etterretning.

Uttale/vedtak:

Rådet for eldre og funksjonshemma fekk ikkje denne saka til uttale. REF ønskjer å klage på det.

Framlegget frå Vidar Toreid følgjer saka vidare, som ei eventuell løysing.

PS 26/24 Kommunalt transporttilbod



Rådet for eldre og funksjonshemma si handsaming av sak 26/2024 i møte den 03.06.2024:

Handsaming:

Rådet for eldre og funksjonshemma stiller seg bak innstillinga frå kommunedirektøren. Denne tida må bli brukt til å kartlegge behovet. Det er og viktig å informere om tilbodet.

Uttale/vedtak:

Rådet for eldre og funksjonshemma stiller seg bak innstillinga frå kommunedirektøren. Denne tida må bli brukt til å kartlegge behovet. Det er og viktig å informere om eksisterande tilbod.



Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Møteprotokoll

Utval: Bygland ungdomsråd

Møtestad: Formannskapssalen

Dato: 03.06.2024

Tid: 15:30 - 17:45

Følgjande møte:

Namn	Funksjon	Repr. Vara for
Ina McShane	Leder	
Malin Vegusdal Hills	Nestleder	
Elias Greibrokk Heggernes	Medlem	
Solfrid Fauske Langfeldt	Medlem	
Selma Jacob Granheim	Medlem	

Andre møtande:

Namn	Stilling
Anette Hovstad	

Ina McShane
Leiar for rådet

Anette Hovstad
Sekretær og koordinator for utvalet

Saksnr	Innhald
PS 15/24	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 16/24	Orienteringssaker
PS 17/24	Referatsaker
RS 2/24	Møtereferat nr 2 med prosjektgruppa den 24.04.2024
RS 3/24	Høyring: Forslag til regional plan for fysisk aktive liv i Agder 2024 - 2034
PS 18/24	Førespurnader
PS 19/24	Tidspunkt for open ungdomsklubb på Bygland
PS 20/24	Kommunalt transporttilbod

PS 15/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Bygland ungdomsråd si handsaming av sak 15/2024 i møte den 03.06.2024:

Handsaming:

Ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Uttale/vedtak:

PS 16/24 Orienteringssaker

Bygland ungdomsråd si handsaming av sak 16/2024 i møte den 03.06.2024:

Handsaming:

- Møte i arbeidsgruppa kring ny ungdomsklubb 22.05.24. Selma, Elias og Anette som deltok på møtet, orienterte. Det er no god framgang i prosjektet og ungdomane vert involvera i alle steg. Kjøkken, ulike møbel, fargeval og diverse utstyr er no i bestilling.
- ALLEMED-ung i september. Guro K. Skibsrud, Anne Fauske og Maren frå ALLEMED (via Teams) orienterte. ALLEMED-ung er ei samling der ungdomar arrangerer workshop/dugnad for andre unge. Ungdomsrådet planlegg å

gjennomføre dette på Bygland og Byglandsfjord skule i klassane 6.-9. Ca tidsbruk er 2 skuletimar. Maren la fram ein køyreplan med desse 3 stega:

1. Bli kjend, dele i grupper, Øving «Isfjellet»: Kva for fritidsaktivitetar veit vi om? Kva må til for å delta på aktivitetane?.
2. Arbeid med ulike case. Felles diskusjon etterpå.
3. Idear og løysingar. Skriv ned alle løysingar så konkret som mogleg. Dele på Mentimeter eller liknande.

Ungdomsrådet planlegg denne ALLEMED-samlinga i detalj på neste møte etter sommarferien. Anne Fauske vert då invitert til å delta.

Uttale/vedtak:

PS 17/24 Referatsaker

Bygland ungdomsråd si handsaming av sak 17/2024 i møte den 03.06.2024:

Handsaming:

RS 2/24 Møtereferat frå møte 24.04.24 og 14.05.24 : Bruksendring av Pakkbua på Byglandsfjord. Malin orienterte om saka. Ikkje så mykje nytt enno, framleis godkjenning av planteikningar som er på agendaen. Ein håper å få dette på plass før sommaren, men arbeidet er framleis i startgropa.

RS 3/24 Høyring: Forslag til regional plan for fysisk aktive liv i Agder 2024 – 2034. Ungdomsrådet meiner det regionale forslaget er grundig og godt utarbeidd. Ingen øvrige innspel.

Uttale/vedtak:

Referatsakene blei tatt til orientering.

PS 18/24 Førespurnader

Bygland ungdomsråd si handsaming av sak 18/2024 i møte den 03.06.2024:

Handsaming:

- Leiar og nestleiar har vorte kontakta av Vidar Toreid angående rådets meiningar kring bubilparkering på Prestneset. Ungdomsrådet har ikkje motteke dette som ei offisiell sak til uttale, men saka vart likevel drøfta, då ungdomane er nokså godt kjend med prosjektet. Ungdomsrådet meiner det er svært positivt at nokon vil utvikle området på Tangen. Arrangement som t.d. Gamaveka vert trekt fram som populære og viktige for bygda. Ungdomsrådet meiner at bubilparkeringa kan føre til meir folk til bygda og auka handel i butikkane. Ungdomsrådet er positive til bubilparkering på Prestneset.
- Kva er status på styrkerom i Årdalshallen?
- Oppdatering av nettsida til kommunen. Kven er ansvarleg? Det er oppdaga feil i skuleruta som er publisera.

Uttale/vedtak:

PS 19/24 Tidspunkt for open ungdomsklubb på Bygland

Bygland ungdomsråd si handsaming av sak 19/2024 i møte den 03.06.2024:

Handsaming:

Ungdomsrådet er samrøystes einige om at klubbdagane bør endrast til måndag og torsdag med opningstida kl 18-21. Då kan politiet kome innom dei torsdagane det passar. Ungdomsrådet ynskjer at 6.-10. klasse kan nytte klubben måndagar og torsdagar. VGS-elevar kan også nytte klubben på torsdagar.

Uttale/vedtak:

- Bygland ungdomsklubb blir open desse dagane: Måndag og torsdag
- Bygland ungdomsklubb blir open til desse tidene: Kl. 18 - 21
- Bygland ungdomsklubb ynskjer at 6. - 10 klasse kan nytte klubben måndagar og torsdagar. VGS-elevar kan også nytte klubben på torsdagar.

PS 20/24 Kommunalt transporttilbod

Bygland ungdomsråd si handsaming av sak 20/2024 i møte den 03.06.2024:

Handsaming:

Ut ifrå saksframlegget frå Kommunedirektøren, meiner Ungdomsrådet at kjøp av tenesta frå eksterne aktørar er det beste alternativet per no. Slik Kommunedirektøren også skriv, vil dette gje eit bilete og datagrunnlag for kor stort behovet eigentleg er. Ein vil då også få meir tid til å kunne få på plass ei varig og god løysing for framtida.

Uttale/vedtak:

Bygland ungdomsråd stiller seg bak kommunedirektøren si innstilling.